



# FYLKESMANNEN I ROGALAND

## Forvaltningsavdelinga

Vår ref.: 2008/9639

Dykkar ref: 04/2176 SL  
LCT/KR

Arkivnr.: 008

Finansdepartementet
Vår dato: 10.12.2008
11. DES. 2008
Saksnr. 04,2176-96
Arkivnr.

Finansdepartementet  
postboks 8008  
0030 Oslo

### Høyring - forslag om grense for utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet

Det blir føreslått å endra lov om eigedomsskatt § 3 frå 1.1.2009 slik at sjøområde ut til grunnlinjene skal reknast til kommunen. Til nå skal dette spørsmålet ha vore uavklart og praksis har variert. Såleis har Karmøy kommune skrivt ut eigedomsskatt på rørleidningar i petroleumsnæringa ut til den gamle territorialgrensa på 4 nautiske mil sidan midten av 1980-talet. Kommunen reknar med å tapa millioninntekter på forslaget. Vi går ut frå at kommunen har vore i god tru, det går iallfall ikkje fram noko om at det har vore reist spørsmål ved utskrivinga.

Det er m.a. vist til at prinsippet om grunnlinjene gjeld i anna lovgjeving slik som plan- og bygningslovgjevinga. I den nye lova skal virkeområdet likevel vera ei nautisk mil utanfor grunnlinjene. Det heiter vidare i Ot.prp. nr 41 (2000-2001) om lov om fastsetjing og endring av fylkes- og kommunegrenser (inndelingslova):

*" Det er rekna som sikker rett at området for kystkommunane strekkjer seg ut til territorialgrensa".*

Det heiter vidare

*"Departementet la til grunn i høyringsutkastet at den nye lova om kommune- og fylkesinndelinga framleis bør ha same geografiske virkeområde som kommunelova. Lov om kommune- og fylkesinndelinga skal gjelde for Fastlands-Noreg, med vanleg utstrekning i sjøen til territorialgrensene. Departementet meinte at det ikkje var nødvendig å ta inn dette i sjølve lovteksten, ettersom det vil gå fram av allmenne rettsgrunnsetningar".*

Vi saknar ut frå dette ei betre grunngeving av at ein vel å fråvika det generelle grenseprinsippet om territorialgrensa når det gjeld utskriving av eigedomsskatt.

Det er også ein ulempe at grunnlinjene for delar av kysten går kloss i fjøresteinane, slik som her i fylket sør for Revtangen. Kystkommunane frå Klepp og sørover får dermed lite sjøområde i høve til kystlinja. I tilfelle det føreslegne prinsippet skal gjelda bør det gjerast tilpassingar der grunnlinjene går nær land, slik at sjøområdet her blir utvida.

Med åra må ein rekna med stadig større interesse for utnytting av dei nære havområda, slik som til vindkraftutbygging.

Det vil også koma brått på å gjennomføra dette alt frå årsskiftet.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
		51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

Kommunar som taper på innføring av dette prinsippet må få kompensasjon for dette, jf at samla provenytap for stat og kommune er ubetydeleg. Dette må vera eit krav særleg dersom lovendinga skal gjennomførast alt frå 2009.


Det går fram at ein ser inntektsverknadene for kommunane av forslaget i samanheng med at kommunane kan få auka inntekter som følgje av eit anna forslag om å innføra eigedomsskatt på flytande oppdrettsanlegg.

Her i fylket vil det stort sett vera meir innaskjers kommunar som har oppdrettsverksemd og som kan få auka inntekter gjennom eigedomsskatt på oppdrettsanlegg, dvs. ikkje dei same kommunane som taper på forslaget om grunnlinjene som avgrensing.


Ei anna sak er at oppdrettskommunane sjølve ikkje reknar med større gevinst av slik utskriving, tilbakemeldingar går ut på at det mest ikkje svarar seg i høve til utskrivingskostnadene, særleg sidan verdien av fisk ikkje inngår i utskrivingsgrunnlaget.

Ut frå dei momenta som er nemnde ovanfor kan vi iallfall ikkje tilrå at endringa blir gjennomført nå. Spørsmålet må utgreiast nærare og på breiare grunnlag, her også dei økonomiske konsekvensane. I tilfelle gjennomføring må kommunar som taper få kompensasjon.

Med helsing



Arild Michelsen  
ass. fylkesmann



Jan Petter Stangeland  
ass. avdelingsdirektør

*Saksbehandlar: Tor Olav Hauge*  
*Saksbehandlars telefon: 51 56 88 07*  
*E-post: tor.olav.hauge@fmro.no*

Kopi til:

Kommunal- og regionaldepartementet Postboks 8112 Dep. 0032 Oslo



# FYLKESMANNEN I ROGALAND

## Forvaltningsavdelinga

Vår ref.: 2008/9639

Dykkar ref: 04/2176 SL  
LCT/KR

Arkivnr.: 008

Vår dato: 10.12.2008

Finansdepartementet  
postboks 8008  
0030 Oslo

### Høyring - forslag om grense for utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet

Det blir føreslått å endra lov om eigedomsskatt § 3 frå 1.1.2009 slik at sjøområde ut til grunnlinjene skal reknast til kommunen. Til nå skal dette spørsmålet ha vore uavklart og praksis har variert. Såleis har Karmøy kommune skrive ut eigedomsskatt på røyrleidningar i petroleumsnæringa ut til den gamle territorialgrensa på 4 nautiske mil sidan midten av 1980-talet. Kommunen reknar med å tapa millioninntekter på forslaget. Vi går ut frå at kommunen har vore i god tru, det går iallfall ikkje fram noko om at det har vore reist spørsmål ved utskrivinga.

Det er m.a. vist til at prinsippet om grunnlinjene gjeld i anna lovgjeving slik som plan- og bygningslovgjevinga. I den nye lova skal virkeområdet likevel vera ei nautisk mil utanfor grunnlinjene. Det heiter vidare i Ot.prp. nr 41 (2000-2001) om lov om fastsetjing og endring av fylkes- og kommunegrenser (inndelingslova):

*" Det er rekna som sikker rett at området for kystkommunane strekkjer seg ut til territorialgrensa ".*

Det heiter vidare

*"Departementet la til grunn i høyringsutkastet at den nye lova om kommune- og fylkesinndelinga framleis bør ha same geografiske virkeområde som kommunelova. Lov om kommune- og fylkesinndelinga skal gjelde for Fastlands-Noreg, med vanleg utstrekning i sjøen til territorialgrensene. Departementet meinte at det ikkje var nødvendig å ta inn dette i sjølve lovteksten, ettersom det vil gå fram av allmenne rettsgrunnsetningar ".*

Vi saknar ut frå dette ei betre grunngeving av at ein vel å fråvika det generelle grenseprinsippet om territorialgrensa når det gjeld utskriving av eigedomsskatt.

Det er også ein ulempe at grunnlinjene for delar av kysten går kloss i fjøresteinane, slik som her i fylket sør for Revtingen. Kystkommunane frå Klepp og sørover får dermed lite sjøområde i høve til kystlinja. I tilfelle det føreslegne prinsippet skal gjelda bør det gjerast tilpassingar der grunnlinjene går nær land, slik at sjøområdet her blir utvida.

Med åra må ein rekna med stadig større interesse for utnytting av dei nære havområda, slik som til vindkraftutbygging.

Det vil også koma brått på å gjennomføra dette alt frå årsskiftet.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

Kommunar som taper på innføring av dette prinsippet må få kompensasjon for dette, jf at samla provenytnap for stat og kommune er ubetydeleg. Dette må vera eit krav særleg dersom lovendinga skal gjennomførast alt frå 2009.


Det går fram at ein ser inntektsverknadene for kommunane av forslaget i samanheng med at kommunane kan få auka inntekter som følgje av eit anna forslag om å innføra eigedomsskatt på flytande oppdrettsanlegg.

Her i fylket vil det stort sett vera meir innaskjers kommunar som har oppdrettsverksemd og som kan få auka inntekter gjennom eigedomsskatt på oppdrettsanlegg, dvs. ikkje dei same kommunane som taper på forslaget om grunnlinjene som avgrensing.


Ei anna sak er at oppdrettskommunane sjølve ikkje reknar med større gevinst av slik utskriving, tilbakemeldingar går ut på at det mest ikkje svarar seg i høve til utskrivingskostnadene, særleg sidan verdien av fisk ikkje inngår i utskrivingsgrunnlaget.

Ut frå dei momenta som er nemnde ovanfor kan vi iallfall ikkje tilrå at endringa blir gjennomført nå. Spørsmålet må utgreiast nærare og på breiare grunnlag, her også dei økonomiske konsekvensane. I tilfelle gjennomføring må kommunar som taper få kompensasjon.

Med helsing



Arild Michelsen  
ass. fylkesmann



Jan Petter Stangeland  
ass. avdelingsdirektør

*Saksbehandlar: Tor Olav Hauge  
Saksbehandlars telefon: 51 56 88 07  
E-post: tor.olav.hauge@fmro.no*

Kopi til:  
✓ Kommunal- og regionaldepartementet Postboks 8112 Dep. 0032 Oslo